

Eid Venstre: Program 2011-15

Ny vekst i Eid: Folk først!



www.eid.venstre.no

V
venstre

Innhald

1. EIT NORDFJORD MED VEKSTKRAFT – VÅRE VISJONAR FOR EIN STERKARE REGION	4
1.1 VARM VELFERD NÅR DU TRENG DET I NORDFJORD.....	4
1.2 SKULE FOR KUNNSKAP OG LIKE MULIGHETER I NORDFJORD	4
1.3 MILJØ OG ENERGI I NORDFJORD	4
1.4 EIT KREATIVT OG VERDISKAPANDE NORDFJORD.....	4
2. EIT EID SOM ØNSKER VELKOMEN TIL FRAMTIDA - VÅRE VISJONAR FOR EIDASAMFUNNET..	5
2.1 VARM VELFERD NÅR DU TRENG DET I EID	5
2.2 SKULE FOR KUNNSKAP OG LIKE MULIGHEITER I EID.....	5
2.3 MILJØ OG TRIVSEL I EID.....	5
2.4 EIT KREATIVT OG VERDISKAPANDE EID	5
3. SLIK VIL VENSTRE ARBEIDE FOR DEG.....	6
3.1 OPENHEIT	6
3.2 BREI DELTAKING	6
3.3 UAVHENGIG AV SÆRINTERESSER	6
3.4 REGIONALT BLIKK	6
4. OM VENSTRE OG VÅRE KANDIDATAR I EID.....	7
4.1 OM VENSTRE	7
4.2 VÅRE KANDIDATAR TIL KOMMUNEVALET I EID 2011	7

Ny vekst i Eid – Folk først!

Vi i Venstre trur på framtida. Vi trur tida er inne for å sleppe nye krefter til som kan skape vekst og optimisme i Eid og Nordfjord.

Ei røyst til Venstre er ei røyst for ny vekst i Eid, med ein sterkare og tettare samanknytt region rundt oss.

Venstre vil ha lokalsamfunn der folk styrer si eiga framtid og er «med på laget», ikkje berre er passive tilskodarar til ei samfunnsutvikling fjernstyrt frå Oslo.

Venstre set folk først!

Eid Venstre



venstre

1. Eit Nordfjord med vekstkraft – våre visjonar for ein sterkare region

Nordfjord har dei siste åra kome på etter-skot i viktige saker for utviklinga av regionen som sjukehus, samferdslesatsing, stat-lege arbeidsplassar, kraftlinjer med meir. Slik kan det ikkje halde fram.

Venstre vil vere garantisten for at Eid går i front for samarbeid i Nordfjord, med klare mål, felles strategi og slagkraft som ein samla region. Eid Venstre har følgjande visjonar for Nordfjord i 2021 - ti år frå i dag

1.1 VARM VELFERD NÅR DU TRENG DET I NORDFJORD

1.1.1 SJUKEHUSET: I 2021 er Nordfjord sjukehus eit sterkt, fram-tidsretta sjukehus med fullverdige akuttfunksjonar og fødeavde-ling. Sjukehuset har avdeling for indremedisin og ei ortopediadve-ling i landstoppen, det har vorte endå sterkare innan psykiatri og rusbehandling og har det fått tilført nye spesialitetar. Sjukehuset er organisert med ei eiga leiing som hindrar uønskt fjernstyring og oppstykking av tenestene.

1.1.2 FOLK FØRST-PAKKEN: I 2021 har Nordfjord-kommunane inn-ført ein felles "folk først-pakke" der vi i fellesskap gir betre tilbod enn i dag til dei som treng det mest. Denne pakken inkluderer mellom anna felles satsingar innan barnevernet, ruskonsulent-tenesta og PPT-tenesta. Det er også regional koordinering på eit in-kluderande arbeidsliv, og eit sterkt nettverk av arbeidsmarknads-bedrifter for dei som treng utprøving, tilrettelegging og oppfølging for å kome ut i arbeid.

1.2 SKULE FOR KUNNSKAP OG LIKE MULIGHETER I NORDFJORD

1.2.1 VIDAREGÅANDE UTDANNING: I 2021 er dei vidaregåande skulane i Nordfjord samla i ein felles utdanningsregion der dei vi-daregåande skulane på Sandane, Måløy, Stryn og Nordfjordeid har eit koordinert tilbod med eit behovstilpassa, komplett tilbod innan både studiespesialisering og yrkesfag. Alle dei vidaregåande sku-lane har kvar for seg fullverdige tilbod innan studiespesialiseringe steg 1, og det er ei naturleg arbeidsdeling på dei vidare klasseste-ga. Dei vidaregåande skulane er føregangsskular på innføringa av ny teknologi som til dømes videokonferanse og digitale klasserom. Dette har gjeve betre samarbeid mellom skulane og har auka kvaliteten på undervisninga ved å dra inn relevant kompetanse frå heile verda.

1.2.2 HØGSKULEUTDANNING: I 2021 er det bygd opp eit styrkt fagskuletilbod og nye høgskuleutdanninger i Nordfjord basert på kompetansemiljøa ved dei vidaregåande skulane, og som resultat av regionalt samarbeid i Nordfjord om å løfte i flokk.

1.3 MILJØ OG ENERGI I NORDFJORD

1.3.1 KOLLEKTIVTILBOD: I 2021 er det innført «timeekspress» med buss med avgang kvar time mellom alle større sentra i Nordfjord.

Bussrutene er gjennomgåande i Nordfjord og ut av regionen til mellom anna Volda/Ålesund og Førde/Sogndal. Det er også innført hyppige hurtigbåtruter på strekninga Stavanger-Bergen-Måløy-Ålesund-Trondheim som resultat av fullføringa av Stad skips-tunnel, og etablert effektive og fleksible flyrutetilbod. Sandane Lufthamn må få flyavgangar som imøtekjem behova i regionen.

1.3.2 LÅGUTSLEPPSAMFUNNET: I 2021 er Nordfjord leiande i Noreg i tilpassinga til det moderne lågutsleppssamfunnet. Ved gjennom-gåande tiltak heilt frå hushaldnings- og individnvået opp til kom-munalt og regionalt nivå, har Nordfjord tilpassa seg dei nye krava til reduserte klimagassutslepp og til krava om drift og produksjon bygd på attvinning og fornybare ressursar.

1.4 EIT KREATIVT OG VERDISKAPANDE NORDFJORD

1.4.1 STØRRE OG STERKARE KOMMUNAR: I 2021 er Nordfjord sam-la som ein felles samarbeidsregion med større kommunar enn i dag. Nordfjord har fått tildelt mange nye oppgåver frå både staten og fylkeskommunen. Dei nye storkommunane har vesentleg meir makt og innverknad på regionale prioriteringar innan til dømes helsesektor, samferdsle, næringsutvikling og utdanning.

1.4.2 FELLES NÆRINGSUTVIKLING: I 2021 jobbar heile Nordfjord saman om næringsutvikling, med eit sterkt felles næringsutvi-klingselskap og eit nettverk av næringshagar/investormiljø for grunderar. Dette gjer at Nordfjord står sterkt som ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med ein felles profil ut til innbyggjarar, pendlarar og tilflytтарar. Samarbeidet har ført til stor auke i nyeta-bleringar i næringslivet, både større selskap og av mindre aktørar. Særskilt står Nordfjord sterkt nasjonalt innan rein og fornybar energi, med stor eigenproduksjon av kraft og stor eksport av tek-nologi og kunnskap.

1.4.3 SAMFERDSLEPAKKEN: I 2021 har Nordfjord fått gjennomført fleire av dei prioriterte storprosjekta i regionen ut frå den såkalla "Samferdslepakke Nordfjord". I denne pakken står mellom anna Stad skipstunnel, RV 15 Strynefjellet, E39/Nordfjordkryssinga, Kystvegen/45-minuttsregionen og RV60. Det er teke i bruk splei-selag, brukarfinansiering og andre kreative finansieringsformer i tillegg til tung offentleg satsing for å oppnå desse måla raskt.

1.4.4 INNFLYTTE ARBEIDSPLASSAR: I 2021 har Nordfjord fått innflytta og etablert 200 nye, statlege arbeidsplassar, fordelt utover i regionen ut frå styrkane til dei ulike sentra. Nordfjord har fleire sterke offentlege kompetansemiljø med regional og nasjonal tyngde, til dømes innanfor helse, fiskeri- og kystforvalting og energi.

1.4.5 KULTURKORTET: I 2021 er det innført ei ordning med eit felles «kulturkort» for alle innbyggjarar med adresse i Nordfjord. Kortet inkluderer dei fleste kulturinstitusjonane i Nordfjord, inkludert musea, og sikrar felles profilering der "kulturkortet" gjev rabattar og "medlemsfordelar" for innbyggjarane.

2. Eit Eid som ønsker velkomen til framtida – våre visjonar for Eidasamfunnet

Eid er ein fantastisk kommune å bu i. Likevel har folkeauken stoppa opp. Langt fleire flyttar bort frå kommunen enn det er ungdommar og unge vaksne som flyttar inn.

Venstre vil ha ny vekst i Eid! Då må vi satse langt sterkare på næringsutvikling, god skule og attraktive arbeidsplassar og eit endå betre lokalsamfunn for unge og gamle å bu i. Venstre vil:

2.1 VARM VELFERD NÅR DU TRENG DET I EID

2.1.1 NYTT OMSORGSSENTER/HELSEHUS: Arbeide for å realisere eit nytt omsorgssenter i Eid. Venstre vil at senteret skal vere eit mest mogleg samla «helsethus» som gir helse- og omsorgstenester frå vogge til grav, og utfordre staten til å bidra sterkare til finansieringa av eit slikt heilskapleg «helsethus-prosjekt» som del av innføringa av samhandlingsreforma.

2.1.2 DAGSENTER: Opprette eit samla senter for dagaktivitetar for alle som treng det i Eid (funksjonshemma, rusavhengige, menneske med psykiske problem og andre). Senteret må tilby arbeidstrening, aktivitetstilbod med meir, og må utviklast i nært samarbeid med frivillige krefter

2.1.3 BETRE HEIMETENESTER: Styrke heimetenestene og innføre vaktmesterteneste for eldre/funksjonshemma slik at fleire kan bu lenger heime

2.2 SKULE FOR KUNNSKAP OG LIKE MULIGHEITER I EID

2.2.1 KVALITET I SKULEN: Prioritere kvalitet i skulen i Eid. Auke ressursane til undervisning (timeressursar) og satse sterkare på m'a vidareutdanning av lærarar.

2.2.2 GYMSAL OG FLEIRBRUKSHALL: Få raskt på plass ny gymsal ved Nordfjordeid skule, og arbeide for å byggje ein ny fleirbruks-hall på sikt. Finne varige, trygge løysingar på dagens uoversiktlege trafikksituasjon i Skulevegen.

2.2.3 KULTUR- OG FRIVILLIGLØFT: Satse sterkt på kultur og friviligheit i Eid. Auke satsinga på kulturskulen og stø sterkare opp om frivillige lag/organisasjonar i kommunen.

2.3 MILJØ OG TRIVSEL I EID

2.3.1 MILJØKOMMUNE: Eid skal vere ein føregangskommune på energi, miljø og folkehelse. Satse på elbilar i kommunale tenester, få på plass «bysyklar» og nettverk av sykkelruter i Eid, og få bygd ut samanhengande gang- og sykkelveg Hjelle-Stårheim.

2.3.2 SENTRUMSPLAN: Få ein samla sentrumsplan for Eid, for å sikre best mulig utnytting av areala i Nordfjordeid sentrum og skape eit attraktivt sentrum.

2.3.3 STYRK UNGDOMSTILBOD: Samle og styrke ungdomstilbodet i Eid (kyrkjetunet, miljøkoordinator ved Eid vgs mm) Samarbeide nært med Ungdomsrådet om ungdomstilbod på kveld og i helger, og arbeide for å få på plass ei ordning med utekontakt.

2.3.4 FAMILIEPAKKE: Innføre ein «Familiepakke» for Eid: Babysymjing, «open barnehage», symjeopplæring i barnehagane, open idrettshall søndagar og utvida opningstider i symjhallen Nært samarbeid med Frivilligsentralen i utforminga av ein samla «Familiepakke».

2.4 EIT KREATIVT OG VERDISKAPANDE EID

2.4.1 GRUNDERLØFT: Offensiv satsing på næringsutvikling og grunderar, i nært samarbeid med regionen rundt. Profilere Eid som del av ein grunder- og teknologiregion, og auke tilgangen på næringsareal i Eid.

2.4.2 JA-KOMMUNE: Eid skal vere ein «ja-kommune» for folk utanfrå: Alle skal vere velkomne til Eid og bli tatt godt imot, m'a gjennom ein eigen velkomstpakke til nye innbyggjarar. Innvandrarar og flyktingar skal raskt få norskopplæring og raskt kome i arbeid så sant det er mulig.

2.4.3 KULTURFOND: Eid Venstre har som mål å byggje opp eit eige «kulturfond» for Eid, i samarbeid med private aktørar

2.4.4 OPNE BYGDER FOR INNFLYTTARAR: Ha attraktive, byggeklare tomter i alle krinsar. Samarbeide med bygdelaga om å gjere tome hus og småbruk tilgjengelege for innflyttarar, og sjå positivt på nybygg i tilknyting til gardsbruk

2.4.5 REISELIV OG KULTURBASERT NÆRINGSILV: Tilrettelegge for auka satsing på reiseliv og kulturbasert næringsutvikling i Eid

2.4.6 NEI TIL EIGEDOMSSKATT UTAN FOLKERØYSTING: Eid Venstre vil ikkje støtte innføring av eigedomsskatt utan at det blir halde ei eiga folkerøysting om saka, der evt. innføring av eigedomsskatt er tidsavgrensa og knytt opp mot større investeringsprosjekt av nytte for heile kommunen som elles ikkje kan realiserast

3. Slik vil Venstre arbeide for deg

I politikken er ofte partia og politikarane si arbeidsform like viktig som standpunkt i enkeltsaker. Dette vil vi skal kjenneteikne Venstre sitt arbeid i Eid i 2011-15:

3.1 OPENHEIT

Venstre vil stå for openheit. Alle skal ha tilgang til informasjon som ligg til grunn for politiske vegval. Avgjerder skal ikkje fattast i lukka rom der «nokon har snakka saman». Kommunen skal drive eit aktivt informasjonsarbeid. Alle møte i kommunale råd og utval bør nettoverførast. Ordførar bør jamnleg ha «ope kontor»/utekontor for innbyggjarane både i sentrum og rundt i bygdene, og bruke Facebook og andre sosiale media aktivt for å spreie informasjon og få folk i tale.

3.2 BREI DELTAKING

Venstre vil ha brei deltaking i politiske prosessar. Alle har noko å bidra med! Vi vil ha politikarar i Eid som lyttar på argument for og mot – og lærer av innspel utanfrå og av kvarandre. Politiske saker skal leggast fram på eit enkelt, ubyråkratisk språk. Kommunalt tilsette skal ha ytringsfridom til å fortelje om korleis dei opplever sin arbeidskvartdag og korleis dei ser på viktige saker som berører dei.

3.3 UAVHENGIG AV SÆRINTERESSER

Venstre vil vere uavhengige av særinteresser – og vil alltid forsøke å legge fellesskapet sitt beste til grunn. Vi er økonomisk uavhengige og ikkje «kjøpt og betalt» av fagforeiningar eller næringslivsinteresser. Vi vil lytte til alle.

3.4 REGIONALT BLIKK

Venstre vil vere opptatt av meir enn Eid. Vi skal vere like engasjerte i å stø opp om viktige saker for nabokommunane rundt oss som t d kommunane i Ytre Nordfjord har vore i å stø opp om sjukehuset på Eid. Vekst i nabokommunane er bra for Eid, og omvendt. Nabokommunar som slåst mot kvarandre, må høyre fortida til.

4. Om Venstre og våre kandidatar i Eid

4.1 OM VENSTRE

Venstre er Noregs einaste liberale parti. Vi vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet, miljøet og dei svakaste i samfunnet.

Vi vil sleppe kreativitet og skaparkraft laus. Vi trur på grunderånd, entreprenørskap, frivillig innsats og dugnadsånd for å skape eit godt samfunn for alle.

Venstre meiner for mykje makt i Noreg i dag er samla hos ein sentralstyrt stat i Oslo. Eid Venstre vil ta makta tilbake til lokalsamfunna. Då må vi samle Nordfjord til ein sterkare region, som saman kan bygge framtidas felles samfunn med Eid som eit viktig knutepunkt.

Venstre er eit parti med stolte tradisjonar i Eid i over 100 år. Dei siste 20 åra har det vore to Venstre-ordførarar i Eid: Kjell Nøstdal (1991-93) og Gunvald Ludvigsen (2003-05).

4.2 VÅRE KANDIDATAR TIL KOMMUNEVALET I EID 2011

1	Alfred Bjørlo	1972	Dagleg leiar
2	Brit Moa	1950	Butikksjef
3	Arild Nøstdal	1978	Psykiatrisk sjukepleiar
4	Inge Adelsten Engebretsen	1971	Frisør
5	Per Arild Alsaker	1971	Miljøterapeut
6	Kirsti Øhrvik Olsen	1969	Helsefagarbeidar
7	Edgar Flo	1976	Sjølvstendig næringsdrivande
8	Ådne Sølvberg	1960	Snikkar
9	Pål Tore Jacobsen	1958	Elektrikar
10	Kathrine Berg	1973	Gullsmed
11	Vidar Rasmussen	1946	Lærar
12	Hilde Henriksen	1953	Bioingeniør
13	Stein Åke Berteig	1974	Gartnar
14	Anne Britt Andersen	1956	Lektor
15	Steinar Engeland	1961	Grafisk designer
16	Liv Marit Øvstebø	1952	Lærar
17	Webjørn Moa	1948	Lensmann
18	Sylvia Hammersvik	1949	Sosionom
19	Eivind Bjørke	1968	Lensmannsbetjent
20	Svanhild Otterøy Lothe	1944	Guide
21	Jon-Reidar Eikås	1958	Tannlege
22	Kari Lothe	1956	Kontorsjef
23	Sveinung Rotevatn	1987	Student
24	Siri Nordnes	1978	Førskulelærar
25	Geir Moldestad	1977	Fysioterapeut
26	Linda Gotteberg	1968	Helsesøster
27	Steinar Furnes	1981	Lektor
28	Jorunn Breiteig	1963	Sosionom
29	Roald Antonsen	1944	Butikkeigar
30	Grete Dahl Sandven	1953	Helsesøster
31	Oddbjørn Melheim	1987	Student
32	Unn Elin Carlsen	1965	Musikklærar
33	Arne Steen Bjørlo	1947	Rørleggar
34	Siv Langøen Rotevatn	1958	Fysioterapeut
35	Gunvald Ludvigsen	1949	Administrasjonssjef